



## **RAMMEAFTALE OM ARBEIDSTIDSORDNING VED EININGA KULTUR (GJELD TEKNIKARAR OG SERVICEMEDARBEIDARAR)**

### **INNLEIING**

Denne avtalen er inngått mellom Stad kommune og Fagforbundet.

Avtalen gjeld i perioden 23.03.2022 – 22.03.2024. Avtalen kan seiast opp av partane med ein gjensidig oppseiingsfrist på tre månadar med mindre partane vert samde om noko anna. Avtalen skal medverke til at arbeidstidsordninga skjer innanfor rammene av lov- og avtaleverk, samstundes som den gir optimale løysingar for brukarar av tenester, arbeidstakrar og arbeidsgjevar.

Avtalen gjeld for eininga Kultur sine tilsette som er teknikarar og servicemedarbeidrarar.

### **BEMANNINGSPLAN**

Eininga skal ha ein bemanningsplan som grunnlag for arbeidsplanen. Bemanningsplanen skal vise behovet for personale knytt til arbeid på dagtid og arrangement på kveldstid og i helgar i heile planperioden. Bemanningsplanen skal drøftast med tillitsvalde før ein utarbeidar arbeidsplanen, jf. arbeidsmiljølova § 10-3 og hovudtariffavtalen § 4-3.

### **SAMARBEID MED TILLITSVALDE VED UTARBEIDING AV ARBEIDSPLAN**

Einingsleiar har ansvar for at arbeidsplan vert utarbeidd. Arbeidsplanen skal drøftast og utarbeidast saman med tillitsvalde. Leiar og tillitsvalde kan bli samde om individuelle omsyn etter behov.

Partane er samde om at alle som er involverte i arbeidstidsplanlegginga skal ha opplæring og god kunnskap om lov- og avtaleverk og dei planleggingsverktya som skal nyttast.

### **GJENNOMSNITTSBEREKNING AV ARBEIDSTID**

Partane er samde om at arbeidstida skal ordnast slik at arbeidsplanen i gjennomsnitt ikkje blir lengre enn føreskreve i arbeidsmiljølova § 10-4, men slik at den alminnelege arbeidstid ikkje overstig 12,5 timer i løpet av 24 timer og 48 timer i løpet av sju dagar. Grensa på 48 timer i løpet av sju dagar kan gjennomsnittsbereknaast over ein periode på åtte veker, likevel slik at den alminnelege arbeidstida ikkje overstig 54 timer i nokon enkelt veke. Ved inngaing av avtale som inneberer at den alminneleg arbeidstida overstig 10 timer i løpet av 24 timer, skal det leggjast særleg vekt på omsynet til arbeidstakaren sin helse og velferd.

### **KVILETID**

Partane er samde om at den arbeidsfri perioden (kviletida) skal vere minst 8 timer i løpet av 24 timer og minst 28 timer i løpet av sju dagar, jf. arbeidsmiljølova § 10 – 8 (3).

## **ARBEID PÅ SØN- OG HELGEDAGAR**

Partane er samde om at arbeidsgjevar og arbeidstakar kan skriftleg avtale ei arbeidstidsordning som i gjennomsnitt gir arbeidstakar arbeidsfri anna kvar søn- og helgedag over ein periode på 26 veker, likevel slik at det vekentlege fridøgn minst kvar fjerde veke fell på ein søn- eller helgedag.

## **DELT DAGSVERK**

Delt dagsverk kan berre nyttast i dei tilfella der det er nødvendig for å opprette forsvarleg drift, jf. hovudtariffavtalen § 5 pkt. 5.5. Det skal ikkje planleggast med delt dagsverk i arbeidsplanen. Ved behov for endring av arbeidsplanen må behovet for delt dagsverk drøftast med tillitsvalde.

## **AVTALE OM OVERTID**


Partane har inngått avtale om utvida overtidsarbeid, jamfør arbeidsmiljølova § 10-6(5):

- Det kan med den enkelte avtalast overtid med inntil 20 timer i løpet av 7 dagar, inntil 50 timer i løpet av 4 samanhengande veker og inntil 300 timer i løpet av 52 veker
- Overtidsarbeid utover arbeidsmiljølova § 10-6(4) er frivillig og kan berre påleggast arbeidstakar som er villig til det. Den samla arbeidstida kan ikkje overstige 69 timer i nokon enkelt veke, jamfør arbeidsmiljølova § 10-6(8)
- Det kan også avtalast unntak frå regelen om samla arbeidstid, men denne må ikkje overstige 16 timer i løpet av 24 timer, jamfør arbeidsmiljølova § 10-6(9)
- Ved avtale om utviding av samla arbeidstid, skal arbeidstakar sikrast kompenserande kvileperiodar, jamfør arbeidsmiljølova § 10-6(9). Kvilen må følgje direkte etter arbeidsperioden og skal kompensere time for time
- Når det er nødvendig for å unngå alvorlege driftsforstyrningar kan det også avtalast at overtidsarbeid skal gå føre seg i den arbeidsfrie perioden. Føresetnaden er at arbeidstakar får kompenserande kvileperiodar.

Nordfjordeid, 15.02.2022

  
Astrid Paulsen  
Kommunalsjef

  
Heidi Kroken Bruland  
Personalsjef

  
Barbro Os Noste  
Hovudtillitsvald Fag forbundet